



**FAGFORBUNDET**  
HORDALAND



**UTDANNINGS  
FORBUNDET**  
Hordaland

## ARBEIDSMILJØPRISEN 2016

Fagforbundet Hordaland, Utdanningsforbundet Hordaland og KS deler i fellesskap kvart år ut ein arbeidsmiljøpris i samband med den årlege Arbeidsmiljøkonferansen i Ulvik. Konferansen i år er lagt til 4.- 5. oktober. **Alle** kommunar, fylkeskommunen, kommunale og fylkeskommunale arbeidsplassar er moglege kandidatar til prisen, heilt ned på avdelingsnivå.

**Overordna for tildelinga av prisen er at det må vera eit samarbeidstiltak eller eit partssamansett arbeid mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida og at tiltaket kan stå som eit godt eksempel for andre.**

Som døme på arbeidsmiljøtiltak som kan kvalifisera for prisen kan nemnast:

- **Gode tiltak eller prosjekt innanfor satsingsområda for eit meir inkluderande arbeidsliv – IA.**
- **Livsfaseorientert personalpolitikk og eller kompetanseutvikling.**
- **Omstillingsarbeid eller endringsprosessar.**

**Alle** tilsette kan føreslå kandidatar til prisen. Forslaga kan sendast KS på e-post [kshordaland@ks.no](mailto:kshordaland@ks.no) eller per post til KS Hordaland, P.b. 7900, 5020 Bergen, **innan 10. september 2016.**